



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Bjarne Nes
Telefon: 57 65 51 49
E-post: bn@fmsf.no

Vår dato
11.06.2009
Dykkar dato
30.03.2009

Vår referanse
2009/1757 - /461.0 A
Dykkar referanse

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo

Lovfesting av kommunalt eigarskap til vass- og avløpsanlegg - Høyring

Vi viser til oversending frå Miljøverndepartementet datert 31.03.2009.

På grunnlag av vedtak i Stortinget 3. april 2008 har Miljøverndepartementet fått utarbeidd og sendt på høyring forslag til ny lov om kommunalt eigarskap og kommunale vass- og avløpsgebyr. Lova vil erstatte dagens lov om kommunale vass- og kloakkavgifter frå 1974.

Det er gjort framlegg om to nye bestemmelsar i høve til gjeldande lov. For det første skal alle nye vass- og avløpsanlegg vere heileigd av kommunen (som hovudregel). Det vil òg vere forbod mot sal av private anlegg til andre enn kommunen. Vidare vert det innført søknadsplikt ved nyetablering av private vass- og avløpsanlegg. Søknadsplikta skal òg gjelde ved vesentleg utviding av eksisterande anlegg.

Forslaget får elles ingen følgjer for eksisterande anlegg og dagens eigarstruktur. Det er heller ikkje gjort endringar som vedkjem det økonomiske grunnlaget for kommunen sine investeringar og drift på vass- og avløpsområdet. Lovforslaget har ingen avgrensing med omsyn til å setje bort anleggs- og driftsoppgåver til private aktørar.

Lova sitt verkeområde er avgrensa, og gjeld ikkje for mindre vass- og avløpsanlegg, dvs. vassanlegg som forsyner mindre enn 20 husstandar/hytter eller 50 personar, og avløpsanlegg som er mindre enn 50 pe.

Fylkesmannen sine kommentarar:

I tillegg til dei nye bestemmelsane som det er gjort framlegg om, er det gjort enkelte språklege endringar i lovteksten. Dette er bra, og det betyr betre samsvar mellom sjølve lovteksten og forskrifter til lova.

Fylkesmannen støttar ei lovfesting til kommunalt eigarskap av vassforsynings- og avløpsanlegg. Vi er òg samd i at det framleis skal vere høve til å etablere privateigde anlegg organisert som andelslag, eigd av brukarane. Fylkesmannen støttar òg den avgrensinga som er gjort i høve til mindre anlegg.

Fylkesmannen har elles ikkje særlege merknader til høyringsframlegget. Vi kan ikkje sjå at lovendringa vil få særlege praktiske eller økonomiske konsekvensar for kommunane i vårt fylke.

I høyringsbrevet stiller departementet spørsmål om det bør vere tidsavgrensing for kontraktar om å setje bort kommunale driftsoppgåver til private aktørar. Det blir m.a. vist til at

Hovudkontor
Njøsvegen 2, 6803 Leikanger
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 65 50 05
Org.nr: 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 71 32 50


E-post:
post@fmsf.no
internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

langvarige og omfattande driftskontraktar vil kunne svekke kommunen sin kompetanse på området. Det er ikkje teke inn tidsavgrensing i forslaget til ny lov.

Vi er samde i at dette kan vere ei aktuell problemstilling. Då det allereie er stor mangel på fagfolk innan VA-sektoren, vil det i praksis bli vanskeleg å byggje opp ny kompetanse i ein kommune dersom den først blir borte. Særleg kan dette gjelde for småkommunar. Det kan òg vere vanskeleg å få forståing for at ein kommune uansett treng eigen kompetanse, m.a. som bestillar av tenestene, og for å kunne følgje opp og kontrollere den som driftar anlegga.

I praksis vil det vel i alle høve vere naturleg å avgrense ei driftskontrakt i tid, anten dette blir sett som eit krav eller ikkje. Kor lang ein ev. tidsavgrensing bør vere er usikkert, og her vil også dei lokale tilhøva spele inn. På den eine sida er det omsynet til den kommunale kompetansen. På den andre sida krev vedlikehald og drift av slike anlegg stor grad av lokalkunnskap og erfaring som det tek tid å opparbeide – avhengig av kor stort og komplekst anlegget er.

Med helsing


Gøsta Hagenlund
assisterande fylkesmiljøvernssjef


Bjarne Nes
senioringeniør